

dok 176

Kultur- og kirkedepartementet	
200800738 1.9.08	
Kode: Ki-501	Beh:

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Balestrand, 29.08.2008
Vår sakshandsamar: Jostein Risa
Vår ref.: 08/00026-002
Arkivkode: 002
Gradering: 1

Innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke" - høyringsfråsegn

Type høyringsinnstans: Sokneråd i eittsoknskommune (dvs har også fellestrådsfunksjon).

Fråsegna vart vedteken i soknerådet sitt møte 27.august 2008, sak 29/2008.

Vedtak:

Høyringsfråsegn frå Balestrand sokneråd i høve innstillinga "Styrket demokrati i Den norske kirke".

Balestrand sokneråd takkar for høvet til å kome med fråsegn.

Lokalisering og dag for kyrkjelege val

Balestrand sokneråd meiner at kyrkjelege val høyrer heime i kyrkja og bør haldast i tilknytning til ei gudsteneste. Soknerådet er einig med synspunktet som har vore framme i debatten om at "det er den gudstenestelege forsamlinga som bør ha styring med kyrkja sitt åndelege liv" og ynskjer ikkje ei mogeleg politisering av kyrkjelege val. Kyrkjemedlemmer som ikkje ynskjer eller ikkje kan kome i kyrkja kan røyste ved førehandsrøysting.

Utsending av valkort før valet

Balestrand sokneråd er positive til utsending av valkort som eit tiltak for å auke valdeltaking. Det er viktig med informasjon i forkant av valet - både om at ein har stemmerett, når ein kan stemme og kven ein kan stemme på.

Direkte/indirekte val til kyrkjemøtet

Balestrand sokneråd ynskjer å halde på ordninga med indirekte val til bispedømeråd / kyrkjemøte. Det er dei lokale kyrkjelydane som er grunneiningane i Den norske kyrkja og det er difor viktig at alle sokn har like stort høve til å påverke kven som skal representere kyrkjelyden regionalt og nasjonalt.

Senking av stemmerettsalder til 15 år

Balestrand sokneråd meiner at stemmerettsalderen kan senkast til 15 år, men er i mot at "opplæring om kirkelig stemmerett og valgbarhet" skal leggest inn som ein del av konfirmasjonsundervisninga.


Endring av tal leke medlemmer i Kyrkjemøtet

Balestrand sokneråd ynskjer ikkje endring av tal leke medlemmer til Kyrkjemøtet.

Informasjon om kandidatar

Rådet understrekar behovet for brei og god informasjon om kva dei ulike kandidatane står for og har som hjertesaker; særleg ved val til regionale og nasjonale råd.

Underteikna stadfester med dette rett utskrift av møteboka.

med helsing

Jostein Risa
kyrkjeverje / dagleg leiar